

Fra: idajgl@gmail.com
Sendt: 31. mai 2015 19:43
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Ida-Johanne G. Lillebø

idajgl@gmail.com

Herman Grans vei 44

Eg ønskjer IKKJE at Regjeringa skal tillate søndagsopne butikkar!

Søndagsfri betyr fridom både frå arbeid og frå handel. Me treng ikkje fleire dagar med shopping og auka forbruk.

Søndag er ein dag for frivillig arbeid og mange bruker dagen til helsefremjande friluftsliv. Når butikkane er stengde, er det tid for andre aktivitetar, som til dømes søndagsturen, frivillig innsats, rekreasjon og avslapping. Ein fridag er ikkje berre godt for helsa og hovudet, det er også bra for miljøet!

Søndagssope gjer at fleire butikkar må halde ope, noko som fører til auka energibruk. Dei tilsette må på jobb og folk reiser til butikkar og kjøpesenter på ein dag med søndagsruter på tog og buss, og det vil bli langt meir bilkøyring.

Søndagsstengte butikkar er ei viktig ramme som gir oss andre møteplassar og måtar å vere saman på. Seks dagar i veka er kommersielle handledagar, medan éin dag tilbyr noko anna. Både folk og miljø treng ein kviledag.

Derfor ber eg regjeringa stoppe forslaget om søndagsopne butikkar. Det er ei løysning på eit problem veldig få har, som skapar nye problem for mange fleire. La oss ta vare på kviledagen vår.

